



---

Arkivsak-dok. 22/00086-1  
Saksbehandler Knut Haugen

Saksgang

Møtedato

Formannskapet

Hovudutval for oppvekst

Kommunestyret

---

## Saksframlegg

### Todalen barnehage - vurdering av behov / kriterier for evt. re-opning på kort og mellomlang sikt

#### Kommunedirektøren si innstilling:

Todalen barnehage skal vere eit søknadsalternativ for barnehageåra 2022/2023 og 2023/2024, på lik linje med dei andre barnehagane i kommunen. Dersom antal søknader tilsvare minst 12 plasser ved hovudopptaket i 2022 eller 2023, skal barnehagen reopne frå hausten det same året.

Dersom dette ikkje skjer, ber kommunestyret om at administrasjonen så raskt som muleg i 2. halvår 2023 sett i gang ein prosess om alternativ bruk av barnehagebygget, som t.d. omregulering / ombygging til kommunal utleigebolig eller ved salg til private for boligformål.

#### Saksopplysninger

Det vart 13.12.2018 gjort slikt vedtak:

### **Kommunestyret sitt vedtak:**

*Surnadal kommunestyre vedtek:*

- 1) *Dersom barnetalet ved Todalen barnehage blir fire barn eller mindre, blir Todalen barnehage samanslått med Stangvik barnehage frå 01.08 det året dette eventuelt skjer.*
- 2) *Dersom elevtalet ved Todalen skule blir tjue elevar eller mindre, blir Todalen skule samanslått med Stangvik skule frå 01.08 det året dette eventuelt skjer.*
- 3) *Det er barnetalet 01.08. året før det aktuelle skuleåret som skal leggest til grunn. Dette for å*
  - g) *gi førskuleungane eit sikkert mål*
  - h) *Gi god tid til sakshandsaming, personalprosess og anna intern førebuing*
- 4) *Dersom det blir ei samanslåing av barnehagen eller skulen, skal det lagast ei eiga sak om gjenbruk av barnehage- og skulebygget i Todalen.*
- 5) *Ny forskrift for barnehagen sitt opptaksområde og ny forskrift for skulekrinsen skal utarbeidast og vedtakast om ei samanslåing blir aktuelt.*

Barnetalet pr 01.08.2021 vart som kjent lågare enn dette, og Todalen barnehage vart stengt for barnehageåret 2021/2022 i tråd med dette. Men vedtaket frå 2018 seier ikkje noko om kva som skal skje på eit seinare tidspunkt, dersom barnetalet skulle bli høgare på eit seinare tidspunkt – og det er derfor behov for ei sak der dette blir avklart også lengre sikt / permanent basis.

Vi har i januar 2022 opna for mottak av søknader til barnehageåret 2022/2023, og da er Todalen barnehage eit tilbod på lik linje med dei andre barnehagane i kommunen. Fristen for søknad er sett til 15.02.2022. Pr 24.01.2022 er det ikkje komme inn nokon søknader om barnehageplass.

Denne saka er også eit forsøk på å svare ut spørsmålet om framtidig gjenbruk av barnehagebygget, jfr. punkt 4 i vedtaket frå 2018. Barnehagebygget er eit frittstående bygg på same tomta som tidlegare Todalen skule, og kan nyttast uavhengig av kva som skjer med skulebygget.



### **Vurdering**

Todalen barnehage vart godkjent i sak 3/91 i Barnehagenemnda, med 85,1 m<sup>2</sup> leike- og opphaldsareal. Det vil seie at det er plass til 15 barn i barnehagen etter den kommunale normen på 6m<sup>2</sup> for kvart barn (over 3 år).

Det er vidare eit krav til pedagognorm og bemanningsnorm i barnehagane. Storleiken på bemanninga er avhengig av alderen på barna, som gir talet på kor mange plassar barnehagen har til ei kvar tid.

#### Pedagognormen (Barnehagelova §25):

1 pedagogisk leiar pr 14 - 18 barn - når barna er over 3 år

1 pedagogisk leiar pr 7 - 9 barn - når barna er under 3 år.

Bemanningsnormen (Barnehagelova §26):

6 barn pr. årsverk når barna er over 3 år

3 barn pr. årsverk når barna er under 3 år

SFS 2201 – styrarressurs:

«Styrer i mindre barnehager kan også utføre andre arbeidsoppgaver enn dem som naturlig tilligger styrer (for eksempel arbeid i barnegruppe). Disse oppgavene tidsdimensjoneres etter drøftinger lokalt, likevel slik at tid til lederoppgaver skal utgjøre minimum 35 % av styrers stilling»

I tillegg kjem det vurderingar kring behovet for opningstid, der ein bør unngå at ein tilsett går aleine med ansvar for fleire barn. Helst bør det vere så mange barn/plassar at det utløyser tre tilsette på ei avdeling/barnehage.

Alderssamansettinga vil også påverke det faglege og pedagogiske tilbodet og behovet for gruppedelingar, ved t.d. tre småbarn og to store barn. For Todalen barnehage, som er godkjent i areal for 15 barn, kan ein sjå for seg ei slik bemanning dersom barnehagen har barn som brukar 18 plassar, som er ei «vanleg» barnehageavdeling:

18 plassar /14		= 100 % pedagogisk leiar
----------------	--	--------------------------

Styrar (kjem utanom)

= 35 %

BUA (ass)

= 200 %, kjem an på opningstid- kan ikkje gå over 1 time aleine

Det kan vere behov for meir bemanningsressursar utover dette, avhengig av opningstid. Tilsette kan ikkje gå over 1 time aleine.

Alderssamansettinga kan t.d. vere slik ein barnehage med aldersblanda avdeling:

Eksempel 1

8 barn over 3 år	8 plassar
5 barn under 3 år	10 plassar
13 barn	18 plassar

Eksempel 2

14 barn over 3 år	14 plassar
2 barn under 3 år	4 plassar
16 barn	18 plassar

I kommunestyrevedtaket frå desember 2018 vart det sett eit tal på 5 barn eller fleire for at barnehagen skal vere open. Dette ga ulike tal på plassar og bemanning for dei ulike barnehageåra.

Barnehageåret 2020/21 ga barnegruppa ei bemanning med to tilsette det siste året, sidan alderssamansettinga og plassbehovet ikkje utløyste fleire stillingar.

Todalen barnehage har ikkje lenger skule/SFO i nabobygget. Dette gir eit ekstra behov for at fleire er på arbeid samtidig og kan hjelpe kvarandre, for i vareta sikkerheita til barna og dei tilsette.

Som vist ovanfor er det vanskeleg å sette eit tal for kor mange barn/plassar som er naudsynt for at barnehagen kan opne igjen. Dersom ein tek utgangspunkt i at det skal vere to tilsette, kan ein sjå for seg at det må utløyse 12 heiltidsplassar. Dette kan gi desse kombinasjonane:

Ulike alderskombinasjonar	1	2	3	4	5	6	7
2 heile årsverk + 35% styrar	6 småbarn= 12 plassar 0 storbarn= 0 plassar  Til saman 12 plassar*	5 småbarn= 10 plassar 2 storbarn= 2 plassar  Til saman 12 plassar	4 småbarn= 8 plassar 4 storbarn= 4 plassar  Til saman 12 plassar	3 småbarn= 6 plassar 6 storbarn= 6 plassar  Til saman 12 plassar	2 småbarn= 4 plassar 8 storbarn= 8 plassar  Til saman 12 plassar	1 småbarn = 2 plassar 10 storbarn= 10 plassar  Til saman 12 plassar	0 småbarn= 0 plassar 12 storbarn= 12 plassar  Til saman 12 plassar

\* Det er rekna med 1 barn = 1 heiltidsplass (storbarn) eller 2 heiltidsplassar (småbarn). Reknar ein med deltidsplassar, må det vere fleire barn enn dette, for å utløyse 12 heiltidsplassar.

Det er pr. 24.01.22 ikkje komme inn søknadar om overflytting/ending eller nye søknader til Todalen barnehage, sjølv om barnehagen ligg som søknadsalternativ i Visma:

The screenshot shows the 'Plasstyper' section in the Visma Flyt Barnehage system. The interface includes a navigation menu at the top with options like 'Barn', 'Ansatte', 'Barnehager', 'Opptak', 'Administrasjon', 'Fakturaer', and 'Saksbehandling'. The main content area displays a table of room types for 'Todalen Barnehage'.

Plasstype	Fra	Til	Åpen for opptak
Full plass	01.08.2018		Ja
4 dager pr uke	01.08.2018		Ja
2 dager pr uke	01.08.2018		Ja
Halv plass	01.08.2018	22.11.2018	Nei
3 dager pr uke	01.08.2018		Ja

Moglegheita for å søkje på Todalen barnehage bør avgrensast til 2023, dersom ikkje prognosane for barnetalet endrar seg vesentleg i Todalen. Dette for å ikkje skape forventning om eit tilbod som ikkje er realistisk å få etablert. Det er etter kommunedirektøren sin oppfatning viktig å få avklaring i form av eit presist vedtak, som blir forutsigbart for innbyggerane i forhold til kva tjenestetilbod som finst, både i året som kjem og dei neste 5-10 åra.

Det er også behov for å avklare kva sjølve bygninga kan nyttast til – om det framleis bør stå i «beredskap» som barnehage – eller om huset kan nyttast til andre formål. Det kan ikkje vere slik at det er dei same kriteria som evt. skal gjelde for ei muleg reopning av barnehagen som det var for stenginga sommaren 2021 (jfr. vedtaket frå 2018). Dette vil kunne medføre ein svært uryddig «av-/på»-situasjon, der tilbodet er tilgjengeleg eit år, året etter stengt – og det tredje året kanskje tilgjengeleg igjen. Dette vil skape ein svært uklar og uholdbar/usikker situasjon for både barn, foreldre, tilsette og for kommunen som barnehageeigar.

Det vil sjølsagt vore aller best om barnetalet igjen blir så høgt at vi kan tilby eit forsvarleg og tilfredsstillande barnehagetilbod i Todalen. Ingenting ville vore betre enn det. Prognosane pr. i dag tyder dessverre ikkje på at dette skal slå til, men kommunedirektøren vil likevel tilrå at grensa for reopning blir sett på eit såpass høgt nivå at det vil kunne vere eit langsiktig og solid tilbod over tid. I praksis må dette bety ei barnehageavdeling med minimum på 12 plassar, slik kommunedirektøren ser det.















Som ein konsekvens av dette må ein også vurdere kva som skal/bør/kan skje med barnehagebygget. For ein periode på eit par år kan ein kanskje sjå for seg at bygget kan stå tomt / ubruka, for å sjå an ei utviklinga (les: fødselstala) ein periode framover før ein vel å disponere bygget til andre formål. Det er uheldig om eit slik bygg blir ståande tomt og ubrukt i alt for lang tid, både for at det gradvis vil tape seg i verdi pga. forfall – og at det vil kreve eit visst vedlikehald og nokre kostnader til dette.




Dersom søknadsvolumet skulle bli mindre enn 12 plassar i dei kommande to åra bør ein snarleg vurdere kva alternativ ein skal bruke bygget til. Kommunedirektøren meiner da at det er mest naturleg å omdisponere bygget til boligformål. Teknisk sett er det relativt lite som skal til for at huset kan nyttast som bolig, for utleigeformål eller kanskje salg. Dette vil også kunne dekke litt av eit etterlyst behov når det gjeld boligtilbod i Todalen, og kanskje vere aktuelt som gjennomgangsbolig / førstegangsbolig.

Skulle det om 10-20 år bli store fødselskull igjen, så må ein uansett vurdere behov for ein ny barnehage i Todalen - basert på det behov som måtte finnast på det aktuelle tidspunktet fram i tid. Men så lenge kan sjølsagt ikkje bygget stå ubrukt.

## Vurdering av effekt opp i mot FN sine 17 bærekraftsmål

Saksbehandlar sett kryss framfor dei bærekraftmåla som ein vurderer at saka / tiltaket vil kunne ha ein effekt på:

- |                                     |   |   |
|-------------------------------------|---|---|
| <input type="checkbox"/>            |  | Mål 1<br><b>Utrydde fattigdom</b>                   |
| <input type="checkbox"/>            |  | Mål 2<br><b>Utrydde sult</b>                        |
| <input type="checkbox"/>            |  | Mål 3<br><b>God helse</b>                           |
| <input checked="" type="checkbox"/> |  | Mål 4<br><b>God utdanning</b>                       |
| <input type="checkbox"/>            |  | Mål 5<br><b>Likestilling mellom kjønnene</b>        |
| <input type="checkbox"/>            |  | Mål 6<br><b>Rent vann og gode sanitærforhold</b>    |
| <input type="checkbox"/>            |  | Mål 7<br><b>Ren energi for alle</b>                 |
| <input type="checkbox"/>            |  | Mål 8<br><b>Anstendig arbeid og økonomisk vekst</b> |
| <input type="checkbox"/>            |  | Mål 9<br><b>Innovasjon og infrastruktur</b>         |
| <input checked="" type="checkbox"/> |  | Mål 10<br><b>Mindre ulikhet</b>                     |
| <input checked="" type="checkbox"/> |  | Mål 11<br><b>Bærekraftige byer og samfunn</b>       |
| <input type="checkbox"/>            |  | Mål 12<br><b>Ansvarlig forbruk og produksjon</b>    |
| <input type="checkbox"/>            |  | Mål 13<br><b>Stoppe klimaendringene</b>             |
| <input type="checkbox"/>            |  | Mål 14<br><b>Liv under vann</b>                     |

-  Mål 15  
**Liv på land**
-  Mål 16  
**Fred og rettferdighet**
-  Mål 17  
**Samarbeid for å nå målene**

## Vedlegg